



## Adresseliste

Vår dato: 22 NOV 2013

Vår ref.: NVE- 201000031-18, 201202577-16,  
201207912-16, 200900723-17, 201202573-15,  
200901236-18, 201300089-12

ksk/toc, smf og elfa

Arkiv: 312

Deres dato:

Deres ref.:

Sakshandsamarar:

Tor Carlsen 22 95 93 93

Siri Merethe Fagerheim 22 95 91 75

Ellen Flåhagen Andersen 22 95 93 71

## Fleire søkjarar - Søknader om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Sogndal kommune - høyring

NVE har motteke søknader frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Sogndal kommune. Søknadene skal handsamast på same tid og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla viss det er aktuelt.

### Tverrdøla kraftverk – Supphelledalen Energi AS

Kraftverket vil nytte fallet i Tverrdøla i Supphelledalen mellom inntaket på høgde 260 moh og kraftstasjonen på høgde 20 moh. Vassvegen er 950 m lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 50 m ny veg til kraftstasjonen og 150 m ny veg til inntaket. Vegen til inntaket vil krysse elva. Middelvassføringa er 860 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,86 MW og etter planane gje ein produksjon på 13,8 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 26 l/s heile året.

### Jakobbakka kraftverk – Bøyum Energi AS

Kraftverket vil nytte fallet i Jakobbakka i Bøyadalen mellom inntaket på høgde 450 moh og kraftstasjonen på høgde 130 moh. Vassvegen er 1200 m lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 50 m ny veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 236 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 620 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,65 MW og etter planane gje ein produksjon på 4,7 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 8 l/s heile året.

### **Skeidsflåten kraftverk – Bøyaelvi Kraft AS**

Kraftverket vil nytte fallet i Bøyaelvi i Bøydalen mellom inntaket på høyde 120 moh og kraftstasjonen på høyde 35 moh. Vassvegen er 2600 m lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 150 m ny veg til kraftstasjonen og 150 m ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 3722 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 8200 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,49 MW og etter planane gje ein produksjon på 18,1 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 713 l/s frå 1/5-30/9 (sommarsesongen) og 38 l/s resten av året.

### **Tverrdalselvi kraftverk – Bøyum Energi AS**

Kraftverket vil nytte fallet i Tverrdalselvi mellom inntaket på høyde 290 moh og kraftstasjonen på høyde 30 moh. Det er planlagt å overføre tre sidebekker til inntaket ved hjelp av nedrave rør. Vassvegen er 2400 m lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 600 m ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 1192 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2600 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,49 MW og etter planane gje ein produksjon på 15 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 124 l/s frå 1/5-30/9 (sommarsesongen) og 36 l/s resten av året.

### **Botna kraftverk – Bøyum Energi AS**

Kraftverket vil nytte fallet i elva Botna mellom inntaket på høyde 360 moh og kraftstasjonen på høyde 10 moh. Vassvegen er 950 m lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 50 m ny veg til kraftstasjonen og 400 m ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 260 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,0 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,8 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 10 l/s frå 1/5-30/9 (sommarsesongen) og 4 l/s resten av året.

### **Mundalselvi kraftverk – Sognekraft AS**

Kraftverket vil nytte eit fall på 255 m med inntak 348 moh og kraftstasjon 93 moh. Prosjektet inkluderar overføring av Botnagrovi med inntak på kote 355. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/ nedsprengt grøft over ei strekning på 1550 m langs Mundalselvi. Overføringsrøyret frå Botnagrovi til kote 348 i Mundalselvi er planlagt ved delvis røyr i dagen og delvis nedgravd. Frå Heimastølen skal 1,2 km eksisterande traktorveg opprustast. Vidare innover skal det byggast 550 m ny permanent veg inn til inntaket med ny bru der røyrgata kryssar elva. Til kraftstasjonen må det byggast ny traktorveg på om lag 170 m frå eksisterande veg. Søkjar har vurdert ei alternativ plassering av kraftstasjon på kote 115. Middelvassføringa er 1090 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 2300 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,8 MW og skal etter planen produsere 15,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1,7 km i Mundalselvi og 550 m i Botnagrovi. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 126 l/s om sommaren og 63 l/s om vinteren i Mundalselvi. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring i Botnagrovi.

### **Fardalselvi kraftverk – Sognekraft AS**

Kraftverket vil nytte eit fall på 235 m med inntak 275 moh og kraftverk på 40 moh. Tillopsrøyret blir 2250 m langt, og er planlagt nedgrave. Inntak ligg tett på vegen til Hjelmesete gard og ytterlegare veg er ikkje nødvendig. Det må byggast ny veg til kraftstasjonen på om lag 60 m. Middelvassføringa er 828 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2100 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,9 MW og etter planane gi ein produksjon på 9,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,43 km lang elvestrekning i Fardalselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 100 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drifta av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/](http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved

NVE ber kommunen leggje 2 eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på **kommunehuset** og 2 eksemplar på **biblioteket** fram til **13. mars 2014**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. NVE har utarbeida eit kart over alle kraftverka i området inkludert dei omsøkte kraftverka som no er på høyring, sjå vedlegg eller NVE sine nettsider. Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring, til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/](http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/) så snart som mogeleg og **seinast innan 13.3.2014**. Det er òg mogleg å sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det vert lagt ved eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

  
for Øystein Grundt  
seksjonssjef

  
Siri M. Fagerheim  
avdelingsingeniør



Vedlegg:      Søknader til kommunen  
                  Kunngjeringstekst  
                  Informasjonsark  
                  Adresseliste  
                  Kart

Søknader:

1. Tverrdøla kraftverk
2. Jakobakka kraftverk
3. Skeidsflåten kraftverk
4. Tverrdalselvi kraftverk
5. Botna kraftverk
6. Mundalselvi kraftverk
7. Fardalselvi kraftverk

**Adresseliste for:** Bygging av sju småkraftverk i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane.

**Behandles etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gang i:** "Firda" og "Sogn Avis".

Antal søknader	Antall eksemplar	Navn/adresse
Alle	5	Sogndal kommune, Gravensteinsgata 17, 6851 SOGNDAL
		Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
		Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
		Statens Vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
		Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Slurpen, 7485 TRONDHEIM
		Mattilsynet, Distriktskontoret Indre Sogn, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
		Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 LEIKANGER
		Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Skulevegen 92, 6770 NORDFJORDEID
		Sogndal Jeger og Sportsfl., Postboks 30, 6851 SOGNDAL
		DNT Sogn og Fjordane, Postboks 10, 6801 FØRDE
		Norges padleforbund, Serviceboks 1, Ullevål stadion, 0840 OSLO
		Norsk ornitologisk foreining, Anders Braanaas, Norsk Sjøfuglsenter, 6986 VÆRLANDET
		Bondelaget Sogn og Fjordane, Hafstadvegen 39, 6800 SANDANE
		SFE NETT AS, Bukta c/o Sogn og Fjordane Energi, 6823 SANDANE
		Sognekraft AS, Postboks 3, 6891 VIK I SOGN
		Supphelledalen Energi as (SUS), Supphelledalen, 6848 FJÆRLAND
		Bøyum Energi AS (SUS), c/o Sofienlund, Ånnerudskogen 2a, 1383 ASKER
		Bøyaelvi Kraft AS c/o Norsk Kraft as, Statsminister Michelsens vei 38, 5230 BERGEN
		Bøyum Energi as (SUS), Bøyum, 6848 FJÆRLAND
		Sognekraft AS v/Kåre Fosse, Postboks 3, 6891 VIK I SOGN
Alle	1	TBM –RV- Katarina Eftevand
Alle	1	TBD – Oddvar Indrebø
Alle	1	ER – Fredrik Arnesen

## - KUNNGJERING -

### **Fleire søkjarar - søknadar om løyve til å bygge sju småkraftverk i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane**

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å bygge sju småkraftverk i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Søknadane blir handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

#### **Hovuddata for kraftverksplanane:**

<b>Søknad</b>	<b>Søklar</b>	<b>Installert effekt (MW)</b>	<b>Produksjon (GWh/år)</b>	<b>Inntak og avløp (moh.)</b>
Tverrdøla kraftverk	Supphelledalen Energi AS	4,86	13,8	260 – 20
Jakobbakka kraftverk	Bøyum Energi AS	1,65	4,7	450 – 130
Skeidsflåten kraftverk	Bøyaelvi Kraft AS	5,49	18,1	120 – 35
Tverrdalselvi kraftverk	Bøyum Energi AS	5,49	15	290 – 30
Botna kraftverk	Bøyum Energi AS	2,0	5,8	360 – 10
Mundalselvi kraftverk	Sognekraft AS	4,8	15,8	348 – 93
Fardalselvi kraftverk	Sognekraft AS	3,9	9,9	275 – 40

**NVE vil arrangere eit offentleg folkemøte på Grendahuset i Fjærland i Sogndal kommune, onsdag 22. januar 2014 kl. 19.00.**

Her vil søkjarane informere om prosjekta i Sogndal kommune og NVE vil orientere om handsaminga av søknadene. Det vil vere anledning til å stille spørsmål

Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på både kommunehuset og biblioteket i Sogndal og på NVE sine nettsider [www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/](http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via [www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/](http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/), per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **13.3.2014**.



## ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

### Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkeltsaker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunngeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner for NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningsliner for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: [nve.no](http://nve.no).

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

### Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbotande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

### Retten til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: [nve.no/konsesjoner](http://nve.no/konsesjoner).

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjering.